



## Saksprotokoll

---

**Organ:** Hovudutval for plan og næring

**Møtedato:** 05.02.2014

---

**Sak nr.:** 14/518-2

**Internt l.nr.:** 4722/14

**Sak:** 17/14

**Tittel:** Regionale utviklingsmidlar 2014 - Fordeling I

**Behandling:**

**Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:**

Fylkesdirektøren for næring rår hovudutvalet for plan og næring til å gjere slikt vedtak:

- 1 Framtidsfylket AS får kr 75 000 til karrieremesse i Oslo i 2014.
- 2 Kystskogbruket får kr 70 000 til infrastrukturprogrammet.
- 3 Måløy Havfiskefestival får avslag på tilskot om støtte.
- 4 Tilskota vert dekkja med disponible midlar frå tidlegare år.

**Endringsframlegg:**

**Hovudutval for næring sette fram slikt framlegg til nytt punkt 3:**

Sogn og Fjordane fylkeskommune løyver 50 000 kroner til Måløy Havfiskefestival. Løyvinga er ein eingongsstønad, og målsetjinga med løyvinga er å støtte profilering av sjømatnæringane. Løyvinga vert dekkja av tilgjengelege restmidlar. Løyvinga føreset at Vågsøy Kommune løyver same beløp.

**Avrøysting:**

Framlegget frå fylkesdirektøren med endringsframlegget frå hovudutvalet vart samrøystes vedteke.

**Dette gir følgjande endeleg vedtak:**

Fylkesdirektøren for næring rår hovudutvalet for plan og næring til å gjere slikt vedtak:

- 1 Framtidsfylket AS får kr 75 000 til karrieremesse i Oslo i 2014.
- 2 Kystskogbruket får kr 70 000 til infrastrukturprogrammet.
- 3 Sogn og Fjordane fylkeskommune løyver 50 000 kroner til Måløy Havfiskefestival. Løyvinga er ein eingongsstønad, og målsetjinga med løyvinga er å støtte profilering av

sjømatnæringane. Løyvinga vert dekkja av tilgjengelege restmidlar. Løyvinga føreset at Vågsøy Kommune løyver same beløp.

4 Tilskota vert dekkja med disponible midlar frå tidlegare år.